



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:
15.11.2021

Vår ref:
2021/14982

Dykkar dato:
21.10.2021

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 244/11 - Eidsnes indre - oppføring av bod og stupebrett - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 21.10.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø for oppføring av bod og stupebrett.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispenseset ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Strandsoneinteressane i området er store. Det ligg eit større industriområde om lag 0,5 km aust for fritidsbustaden, men bortsett frå det ligg det berre nokre få mindre fritidsbustader her. Området har eit klart LNF-preg. Det er registrert fleire raudlista fuglearistar i sjøområda utanfor. Strandsona kan vere eit viktig funksjonsområde for desse. Sjøarealet utanfor er også mykje brukt til friluftsliv på sjø.

Eigedomen ligg som LNF-spreidd fritidsbustad i liste i kommuneplanen og i strandsona. Strandsona var ikkje konkret vurdert då fritidsbustaden vart tatt inn i kommuneplanen som LNF-spreidd. Det ligg tre fritidsbustader spreidd i strandsona i dette området. Fritidsbustaden på eigedom 244/11er vesentleg større enn dei andre. Det er opplyst at boden skal vere 33m² men vi kan ikkje sjå at det er opplyst kor stort bygd areal vert til saman. Vi kan ikkje tilrå at fritidsbustaden med bod vert større enn kommuneplanen opnar for. Vi rår i utgangspunktet til at tilbygg i strandsona vert plassert lengre vekk frå sjø enn eksisterande bygg. Det bør vurderast om dette er ein moglegheit i denne saka.

Langs sjøkanten på eigedomen ligg det i dag ei brygge og det er anlagt ei sandstrand. Stupebrettet skal plasserast mellom desse tiltaka, på urørt svaberg. Sjølv om det er eit lite tiltak, vil plasseringa auke privatiseringa av strandsona. Tiltaka på eigedomen vert spreidd langs heile eigedomen si strandlinje.

Vi stiller også spørsmål ved om sandstranda på eigedomen har naudsynte løyve. Sandstranda er nyleg anlagt, og vi kan ikkje sjå at vi har hatt den på høyring eller klagevurdering. Ei sandstrand vil i



dei fleste tilfelle krevje løyve (<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/plan-og-bygg/plan--og-bygningsrett/sandstrand-krev-loyve/>). Sandstranda på eigedomen er uheldig med tanke på privatisering av strandsona og kan vere uheldig for naturmangfald.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon til stupebrett i denne saka.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN